


Børnes eitt av 20 næringsområde

21.08.2008



Dei aktuelle områda er plotta inn på dette oversiktskartet i brosjyra.

Kommunen har no kome i gang med ein meir offensiv marknadsføring av næringsområde og Børnes i Uskedalen er eitt av 20 område som er presentert i ei enkel brosjyre og på kommunen si heimeside



Prosjekt på gang på Børnes: Eigedom overteke av Kvinnherad Bygggeservice.

På Børnes har det vore ein positiv utvikling i det siste året, med opprydding og sal av eigedomar.

I brosyra er ordførar Synnøve Solbakken blikkfang, ståande på det nye næringsområdet på Husnes.



Prosjekt på gang på Børnes: Tilrettelegging av tomt for Rune Hjønnnevåg.

Brosyre og heimeside gjev ein svært kortfatta presentasjon av dei einskilde områda, med kart, foto og nokre stikkord. Om Børnes heiter det berre at området er vist som næringsareal i kommunedelplan for Rosendal-området, at det er i kommunal eige og at tidlegare godkjent reguleringsplan må reviderast.

Generelt står det å lesa i brosyra at oversikta er meint som informasjon til nyetablerarar og eksisterande bedrifter som treng nytt areal. Sidan det over tid vil skje endringar med omsyn til status for dei ulike areala, har kommunen som mål å ha ei ajourført oversikt på heimesida.

Kommunen har som mål å tilretteleggja for næringsetablering og er difor intereessert i tilbakemeldingar om trong for næringsareal. Det områda som er aktuelle pr. juni 2008 er plotta inn på eit oversiktskart.

Dette er supplert med ei kort skildring av storleik, grad av tilrettelegging, eigartilhøve og liknande.

Brosyra blir levert ut på rådhuset i Rosendal, hjå Kvinnherad Næringsservice og på hovudbiblioteket på Husnes. Den kan også lastast ned gjennom kommunen si heimeside.

Av Ola Matti Mathisen